



# Overordna avtale om tannhelsetenester

Samarbeidsavtale mellom (...) kommune og Vestland  
tannhelseteneste

# INNHOLD

<b>1.0 Samarbeidsavtale.....</b>	<b>3</b>
<b>2.0 Om overordna samarbeidsavtale .....</b>	<b>3</b>
<b>3.0 Sektor-/avdelingsvise avtalar med (...) kommune.....</b>	<b>3</b>
<b>4.0 Lover, regelverk og retningsliner .....</b>	<b>4</b>
<b>5.0 Partane sitt ansvar.....</b>	<b>5</b>
<b>5.1 Generelt .....</b>	<b>5</b>
<b>5.2 Vestland fylkeskommune; tannhelsetenesta .....</b>	<b>5</b>
<b>5.3 (...) kommune .....</b>	<b>5</b>
<b>6.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet.....</b>	<b>6</b>
<b>7.0 Avtalesignering .....</b>	<b>7</b>
<b>8.0 Avtaletilpassing.....</b>	<b>8</b>
<b>9.0 Personvern .....</b>	<b>9</b>

## **1.0 Samarbeidsavtale**

(...) kommune skal, saman med tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune, sørge for at alle innbyggjarane i kommunen får nødvendig tannhelsehjelp. Tannhelsehjelpa skal vere basert på den enkelte sine behov og premiss og målet er at den som får hjelp skal ha livslang god tannhelse. Grunnlaget for den gode tannhelsa skal leggjast gjennom god førebygging og behandling, med fokus på tidleg innsats. Det er viktig å sikre at alle brukarar får eit godt tannhelsetilbod, etter det som til ein kvar tid er gjeldande retningsliner. Tannhelsetilboden skal vere regelbunden og førebyggjande tiltak skal prioriterast føre behandling.

## **2.0 Om overordna samarbeidsavtale**

Målet med ein overordna samarbeidsavtale med (...) kommune, er å sikre ei best mogleg tannhelse i befolkninga og sikre nødvendig førebygging og behandling til alle. Avtalen skal i tillegg bidra i å jamne ut sosiale skilnader i helse i alle grupper, mellom anna gjennom å spreie opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv kan gjere for eigen tannhelse.

Eit godt tannhelsetilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen og den kommunale tenesta. Eitt av måla med samarbeidsavtalen er å sikre gode samarbeidsliner mellom kommunane og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. For å sikre eit best mogleg tannhelsetilbod til alle, er det også eit mål med samarbeidsavtalane å få til eit godt samarbeid med private aktørar. (...) kommune skal saman med Vestland fylkeskommune sikre at prioriterte grupper får informasjon om det tannhelsetilboden dei har rett til.

## **3.0 Sektor-/avdelingsvise avtalar med (...) kommune**

For å kunne gjennomføre tiltak som vil fremje tannhelsa, er det nødvendig at vi har ei heilskapleg tilnærming i arbeidet. Dette føreset eit samarbeid med samfunnssektorar og helsesektorar i kommunen. Målet med sektor-/avdelingsvise samarbeidsavtalar er å sikre at tannhelsetenesta sine prioriterte grupper får nødvendig tannbehandling og informasjon til å ta vare på eigen tannhelse.

I tillegg til den overordna avtalen, vert følgjande samarbeidsavtalar inngått mellom (...) kommune og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune:

- Barn og unge (0-20 år)
- Langtidssjuke i institusjon og heimeteneste
- Personar med utviklingshemming (over 18 år)
- Personar med ruslidningar
- Personar innan barnevernstenesta
- Personar i statlege mottak<sup>1</sup>

## 4.0 Lover, regelverk og retningslinjer

Til grunn for samarbeidsavtalen ligg følgjande lover/retningsliner (i digital utgåve: klikk på teksten for lenke):

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om tannhelsetjenesten \(tannhelsetjenesteloven\)](#)
- [Lov om helsepersonell m.v \(helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- [Lov om folketrygd \(folketrygdloven\)](#)
- [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#)
- [Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m \(helsetilsynsloven\)](#)
- [Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år, del 1 \(publisert 27. september 2018\)](#)
- [Barn som lever i fattigdom – regjeringens strategi \(2015-2017\)](#)
- [God klinisk praksis i tannhelsetjenesten – en veileder i bruk av faglig skjønn ved nødvendig tannbehandling](#)
- [Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle, 2014 – 2025, Hordaland fylkeskommune](#)
- [Strategiplan for folkehelsearbeid 2016 – 2019, Tannhelsetenesta, Hordaland fylkeskommune \(ikkje elektronisk lenke\)](#)
- [EU forordning 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personar i samband med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar \(«Personvernforordningen»\) og personopplysningsloven med tilhøyrande forskrift.](#)

---

<sup>1</sup> Flyktningar, asylsökjarar. Samarbeidsavtale vert bare skriven med aktuelle kommunar.

## 5.0 Partane sitt ansvar

### 5.1 Generelt

For å kunne ivareta lovkrav og helsepolitiske mål, er forpliktande samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå nødvendig. Eit god tannhelsetilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom den fylkeskommunale tannhelsetenesta og offentlege og private samarbeidspartar. Samarbeidet sikrast best gjennom skriftlege avtalar, der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Den overordna samarbeidsavtalen skal signerast av begge partar. Dei andre samarbeidsavtalane skal signerast på i eit årleg møte, om ikkje anna er avtalt. Avtalen vert automatisk forlenga med eitt år om gongen, med mindre det blir endring i lovverket, organisering og/eller anna som er avgjerande for samarbeidet.

### 5.2 Vestland fylkeskommune; tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta skal, etter Lov 3. juni 1983 nr. 54 om tannhelsetjenesten (tannhelsetjenesteloven), organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod til prioriterte grupper. Prioriterte grupper er barn og ungdom, personar med utviklingshemming, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie, ungdom som fyller 19 eller 20 år, i tillegg til andre grupper som fylkeskommunen har vedteke å prioritere.

Fylkeskommunen skal, ved si tannhelseteneste, fremje tannhelsa og sørge for nødvendig førebygging og behandling. Tannhelsetenesta skal tilby opplæring/rådgjeving av helsepersonell, slik at dei kan ivareta tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på best mogleg vis.

Nærare om kva som er tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune sin rolle, vert skildra i dei einskilde samarbeidsavtalane.

### 5.3 (...) kommune

I Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) følgjer det mellom anna at føremålet med loven er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den einskilde sitt behov.

Vidare følgjer det at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester (§ 3-1). Etter lova sin § 3-4 har kommunen plikt til å samarbeide med fylkeskommunen, slik at helse- og omsorgstenesta best mogleg kan virke som ei eining.

Nærare om kva som er (...) kommune og Vestland fylkeskommune sine roller, vert skildra i dei einskilde samarbeidsavtalane.

## 6.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Brukaren/pasienten sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom (...) kommune og Vestland fylkeskommune skal sikre at brukar/pasient (føresette/vergje) får god informasjon, samtykker til behandlinga og at dei vert teke med på avgjerd som har noko å seie for eigen helse.
- Samarbeidet skal sikre at brukaren/pasienten kan oppretthalde ei god oral helse. Dette inneber at han/ho
  - ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
  - har tilfredsstillande tyggefunksjon
  - kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast munn- og tannhelsa.
- I møte med brukar/pasient skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Førebyggjande tiltak prioriterast før behandling og det er eit mål at den enkelte, i störst mogleg grad, skal vere i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Samhandlinga mellom Vestland fylkeskommune og (...) kommune er prega av ønskje om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet.
- Samarbeidet er forankra i topplinginga i Vestland fylkeskommune og (...) kommune.
- Vestland fylkeskommune og (...) kommune arbeider kunnskapsbasert og har fokus på å identifisere positive og negative faktorar som verkar på tannhelsa.
- Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sikrar at vi når alle som treng tannhelsetenester.
- (...) kommune og Vestland fylkeskommune skal setje av tid til å møtast og dele erfaringar og idear. Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.

## 7.0 Avtalesignering

Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eitt år om gongen med mindre anna er skriftleg avtalt. Avtalen gjeld fram til ny avtale blir utarbeidd og teken i bruk.

(...) kommune

Vestland fylkeskommune –  
tannhelsetenesta

---

dato      underskrift rådmann/repr. frå  
              kommunen

dato      underskrift  
              fylkestannlege/områdeleiar

## **8.0 Avtaletilpassing**

Om det er nødvendig med endringar eller tilpassingar i avtalen, skal det noterast her med dato og signatur frå begge partar:

## 9.0 Personvern

Ny personvernlovgjeving vart sett i kraft i Noreg frå 20. juli 2018. Vestland fylkeskommune samlar inn og behandler personopplysningar som er nødvendig for å utføre lovpålagte tenester. Dei innsamla opplysningane vert handsama innanfor rammene av personvernlovgjevinga.

Det er viktig for oss at dei innsamla personopplysningane er trygge hos oss som behandlingsansvarleg. Dersom den registrerte har spørsmål om behandlinga av eigne personopplysningar, kan dei kontakte oss på [tannhelse@vlfk.no](mailto:tannhelse@vlfk.no) og på tlf.: 05557.

Partane i denne avtalen er einig i at vi har eit felles behandlingsansvar for dei innsamla opplysningane.

